



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

Februar 1971

Nr. 2

TANKER UNDER SYKDOM

Når jeg nu har fått sykehusoppholdet mitt litt på avstand, vil jeg prøve å feste på papiret nogen av mine inntrykk. Mest undrer det mig at jeg møtte så utrolig mange mennesker fra ulike landsdeler. De fleste møtte jeg bare denne ene gangen. Du for et bildegalleri — for en variasjon. Nogen går i glemsel, mens andre satte dype merker etter sig. Ja, enkelte virket ydmykende på mig.

De dagene jeg lå meget syk, når tørsten og sulten tok makten over mig, kom minder om koselige fester frem i tankene, fester med skjønn sang, musikk, god mat og drikke. Særlig det siste understreket det jeg manglet akkurat da.

Å, tenkte jeg: det var ikke vanskelig å synge lovsanger i slike stunder. Følelsene var høystemte, sangen lå på leppene båret av feststemning og godt vennelag. Men nu: hvor blev det av sangen nu? Nei, den var vekk, ingen grorrbunn for lovsang. Var det bare i

fest den hørte hjemme? Var jeg nu egentlig i Herrens hender? Det kjentes ikke slik. I mitt stille sinn smilte jeg foraktelig til mig selv: du er en stor stakkars, det er du.

En kveld stod Frelesesarmeen på gangen og sang: «I det fjerne jeg skuer et underfullt syn. For jeg skuer det gamle ærverdige kors hvorpå synderes dødsdom blev lagt.» Da brøt lovsangen frem hos mig helt spontant og løftet min sjel over det som var vondt. Den hadde ligget i underbevisstheten også da jeg syntes den var vekk. Evangeliet i sang løste den ut.

Godt er det at vi får komme både i smil og i tårer, i lyst og i nød, komme med alt som sårer, komme i liv og i død.

«Juble, dere himler, og fryd dig du jord. Dere fjell bryt ut i frysdesang. For Herren trøster sitt folk, og over sine elendige forbærmer han sig.» Es. 49,13.

Johanne B. Helle.

Opp til Jerusalem – der krossen venta

I denne fastetida skulle me prøva å fylgja Jesus frå Galilea til Jerusalem. Etter Peters store vedkjenning opp i Galilea: «Du er Messias, den levande Guds son», tok Jesus til å syna læresveinane sine at han laut fara opp til Jerusalem og lida mykje. «Gud hjelpe deg Herre, slikt må aldri henda deg» sa Peter. — «Rabbi», sa læresveinane, «nyst ville jødane steina deg, og so fer du dit att?» Men då det leid mot tidi at han skulle takast opp til Gud, vende han augo sine støtt mot Jerusalem.

Det var på vegen til Jerusalen han kom til ei samaritanar-bygd der ingen ville ta imot han, fordi han var på veg til Jerusalem. «Herre, vil du me skal be Gud senda eld ned frå himmelen og øyda dei», spurde to av læresveinane. Han kunne ha svara «ja», men han gjorde det ikkje. «De veit ikkje kva ånd de er av», sa han, og so gjekk han vidare til Jerusalem der krossen venta.

Han var på veg til Jerusalem då det kom ein og sa: «Herre, eg vil fylgja deg, — men lat meg først —» Jesus svara: «Ingen som hev lagt hand på plogen og ser seg attende høver for Guds rike». Alvorstunge ord tala han til sine på vegen: Til dei 70 som kom glade og fortalte kor mykje gildt dei hadde fått oppleva, sa han: «Gled dykk ikkje over dette, men gled dykk over at namnet dykkar er skrive i himmelen.» — «Vil nokon vera ilag med meg, so lyt han gløyma seg sjølv og ta ka krossen sin opp og fylgja meg» — «Kva batar det eit menneske om han vinn heile verdi, men taper si

Sjel». Dette er og av dei orda Jesus tala på vegen til Jerusalem.

Ein stad stod 10 spedalske menn langt borte og ropa: «Jesus, Meistar, gjer sælebot på oss.» Me veit dei vart lækte alle, men berre ein kom attende og takka. «Var det berre denne eine som kom tilbake og gav Gud æra, kvar er då dei 9?» sa Jesus, og so gjekk han vidare til Jerusalem der krossen venta.

Då han nærma seg Jeriko, sat ein blind tiggjar ved vegen. Han ropa til Jesus om hjelp. Folket truga han, men han berre ropa endå høgare. Jesus hjelpte han, han fekk att syni, og takkande og lovande Gud fylgte han Jesus vidare på vegen. Da han for ut av Jeriko, tenk, då sat overtoldaren der, Sakkeus, oppe i eit morbærtre, han ville gjerne få eit blikk på Jesus i det han gjekk forbi. Den kvelden overnatta Jesus hjå toldaren Sakkeus. Folket murra: «Han gjeng inn til ein syndig mann og tek herbyrge der.» Men Jesus sa: «Menneskesonen er kommen for å leita etter det som er forapt, og frelsa det.»

Kvelden etter fekk han overnatta hjå vene i Betania. Lasarus som Jesus hadde vekt opp frå dei døde var og med i gjesteboden. Då var det Maria tok ei krukka ekte, kosteleg nardussalve og salva Jesus. Judas vart harm, står det, «Kva skal slik øyding vera til, denne salven kunne vore sold for meir enn 300 penningar, og gjeve til dei fatigè». «Lat henne vera», sa Jesus, ho hev gøynt det til min jordeferdsdag, dei fatige hev de alltid hjå

(Framhald 4. side)

KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Gudmund Skiftun, Dalekvam.
Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.
Kasserar: Sveinung Sandal, 5290 Stamneshella, tlf. Stamneshella nr. 32.
Postgiro. 723 47. Bankgiro 103385/123.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

En sang vekket meg

Da jeg gikk rundt og inkasserte penger for kirkebladet, hadde jeg en kjensle av at mange hungryt etter noe. Og nå vil jeg fortelle frimodig om en gang jeg gikk alene og vandret i Bergen.

Det var en mørk og kald vinterkveld, og jeg følte meg så ensom og forlatt. Jeg hadde både penger og hus, men alt var så håpløst, og jeg fikk ikke ro i sinnen. Jeg gikk med hendene på ryggen og så ned i gaten.

Plutselig hørte jeg sang som strømmet ut fra et åpent vindu. Da var det som noe stanset meg. Jeg ble stående still og lyttet til sangen: «Syng, å syng om min Gjenløser. Med sitt blod han kjøpte meg. Jeg ble fri da han frivilig tok min skyld og straff på seg.»

Den natten fikk jeg oppleve den store seier. Det var så godt å få ligge ved korsets fot i visshet om at «du har gjenløst meg med ditt blod.»

Denne sangen har jeg blitt så glad i. Den har også gitt meg inspirasjon til over 200 sanger som jeg har skrevet om min store Frelser. Jeg har aldri følt meg ensom siden den kvelden i Bergen, da sangen om min Gjenløser vekket meg til liv i Gud. Kristus er trofast. Han kaller på meg så snart

jeg er på avveier. For mitt indre øre lyder det: Har du glemt meg nå. Husker du jeg reddet deg? Da er det godt å stoppe opp og lytte, og sangen kommer på englevinger: «Jeg vil prise min gjenløser. Med sitt blod han kjøpte meg.»

Det er sikkert mange som kan vitne i kirkebladet om hvorledes de møtte Jesus på sin vei. Lat oss frimodig fortelle om våre personlige opplevelser med Jesus slik at vi kan sprede frelsesbudskapet ut til gamle og syke og til alle som har problem med sitt liv.

Adolf Jensen.

Aldri ensom

A, hvilken glede da Jesus jeg møtte.
Han tok imot meg slik som jeg var.
Jeg bad ham om nåde og være min støtte,
og i fortvilelsens nød fikk jeg svar.

År etter år jeg til synden var bundet.
Tomhet og lengsel trykket meg ned.
Men gjennom tårer og kamp har jeg funnet
Jesus, min broder, til frelse og fred.

Aldri nå ensom i veden jeg vanker.
Livet i Ham er så rikt og så stort,
ifra Hans styrke og til mine tanker.
Hva hom enn møster meg, jeg på Ham trar.

Alla de bønner jeg aldri kan glemme
som du, kjære mor, for meg ofte bad.
Ennå jeg synes jeg hører din stemme
og mange kjærlege ord som du sa.

Jeg tror jeg skal seire, og intet skal tyng.
Kampen er vunnet, Jesus er min.
Å, min Gjenløser, om deg vil jeg synge.
Gjem meg i deg til du lukker meg inn.

Adolf Jensen.

Solsjenitsyn — stor i trengsle

I fjor fekk den russiske forfattaren Alexander Solsjenitsyn Nobelprisen i litteratur. Han fekk ikkje koma til Stockholm og ta imot den store utmerkinga. Men bøkene hans er omsette og utgjevne i mange land, og høyrer til dei fremste i moderne litteratur.

Solsjenitsyn har sete i fengsel i mange år, men endå er hans lānd levande og sterke, og han har ein bodskap til menneske i trengsletider — og til alle tider. Me møter han som ein levande kristen i ei bøn som var komen på prent i det finske Hovudstadsbladet i fjor!

«Kor lett det er for meg å leva med deg, Herre. Kor lett det er for meg åtru på deg.

Når vetet mitt sig saman og sluttar å skjøna, når dei klokaste menneske ikkje ser lenger enn til denne dags kveld, og ikkje veit kva dei skal gjera i morgen, sender du meg ei klār visse om at du er til, og at du vil sjå til, at ikkje alle godleiks vegar vert stengde. Oppa på fjellet av verdsens ære ser eg med undring tilbake på den vegen eg har lagt attom meg, og som eg sjølv aldri ville funne ut av — ein underleg veg gjennom vonløyse til den staden der eg står, og der eg kan senda ut til menneskeverda eit atterskin av dine strålar.»

Den store diktaren har gjort sine sāre røysler, og han ventar ikkje i framtida nokon himmel på jord. Mange unge i vår tid er hindra av forførande røyster som lovar eit nytt framtidstrike bygt på totalitært maktbruk, ofte med tilbeding av den kalde menneskeguden, og med open vanvyrdnad

for menneskeverd og heilage, ævelege sanningar. Solsjenitsyn har prøvt noko av kva dette vil seia. Han har og fått seg tildelt ei ærefull utmerking for diktverka sine. Men han har funne noko meir, ein fast grunn å stå på både i ære og vanære, slik me les det i Salme 46: «Gud er vår hyggje og vår styrke, ei hjelp i trengsler, røynd og funnen stor.»

Opp til Jerusalem —

(Framhald frå 2. side)

Dykk, meg hev de ikkje alltid.» Nokre dagar etter, selde Judas Jesus for ein sum, langt under halvdelen av det denne salven var verd, — men dei pengane gjekk ikkje til dei fatige.

Siste stykke av vegen til Jerusalem reid Jesus, ikkje på ein stridshest, men på ein ung asen føle. Då vart det sanna det som profeten Sakarias forkynte: «Gled deg storleg du dotter Sion! Ropa av frygt du dotter Jerusalem! Sjå, Kongen din kjem til deg, rettferdig er han og full av frelse. Smålåten kjem han ridande på eit asen, på ein ung asenføle.

Og so er Jesus framme i Jerusalem. Endå nokre travle dagar, og so er det berre krossen som står att. Det var der han leid og døydde for våre synder, for å kunna gje nåde og syndetilgjeving til alle som kjem til han og bed om det. Må fastetida føra oss alle nærmare Han som leid og døydde for oss!

Helsing
Lars Bjørsvik

Grip det evige livet

Kanskje kostar det kamp og strid. Sjølv om Grundtvig måtte klaga: «Verden, O verden, hvi frister du mig selv under hårene hvite». Eg veit at det i dag er mange kristne som har det vondt fordi alt her i verda har slik makt til å trengja unna Gud og det evige. Trua sin strid for det evige vert så vanskeleg og så hard.

Men apostelen peikar på at det er ein god strid. I grunnen skulle visst uttrykkjet setjast om slik: «Trua sin vakre strid». Og både god og vakker er denne striden på mange måtar.

Alt her i tida gjev ein slik strid livet eit heilt nytt innhald. Tida sitt andedrag får luft og smak av det evige. Men mest er striden god og vakker fordi han endar så godt — med æveleg liv i riket som aldri går under. Og striden gjev ein gløtt inn til den sæle og allmektige Gud som åleine har liv, og som vi lgjeva oss det evige livet.

Johannes Smemo

Kyrkjelydsaksjon i Vaksdal sokn

I tida 21. — 28. mars vert det også i år ein kyrkjelydsaksjon i Vaksdal med møte kvar kveld gjennom ei veke i Vaksdal kyrkje. Res. kap. Bjørsvik og sokneprest Skiftun vil halda bibeltimar med emne frå Filippabrevet. Det vert sendt rundt innbyding til møta og ordna med bilkøyring. Kyrkje koret og Musikklaget vert med på møta.

Me vonar at mange vil finna veg til kyrkja, og me må be om at Gud må velsigna oss.

Bladpengane

Kasserar Sveinung Sandal, postgiro nr. 723 47, Stammeshella, har teke imot desse bladpengane som er innsamla av desse:

Liv Stokke Sellevold	kr. 185,—
Adolf Jensen	» 250,—
Ragnhild Thuestad	» 155,—
Per Aasland	» 385,—
Helge Dale	» 50,—
Haakon Helle	» 110,—
Hildborg Dalseid	» 95,—
Odd Alvheim	» 145,—
Reidun Takvam	» 195,—

Sokneråda

Sokneråda i prestegjeldet har hatt sine første møte i 1971 og sett opp ofringar og valt formenn, nestformenn, kasserarar og sekretærar.

Dale sokneråd: formann Per Aasland, nestformann Lars Ragnvaldsen, kasserar Helge Dale, sekretær Reidun Bjelland Takvam.

Vaksdal sokneråd: formann Oddmund Faugstad, nestformann Mons Myren, kasserar Margit Helle, sekretær Edith Faugstad.

Stamnes sokneråd: formann Sveinung Sandal, nestformann Lars Gammersvik, kasserar Sigrun Straume.

Bergsdalen sokneråd: formann Anders Fosse, nestformann Ragnvald Berge, kasserar Borghild Småbrekke, sekretær Marta Skjerven.

Eksingedalen sokneråd: formann Yngve Lavik, nestformann Anton Haugen, kasserar Anna Flatekval.

Nesheim sokneråd: formann Kristian Brakkestad, nestformann Johan J. Gullbrå, kasserar Ragnar Ekse.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

DALE:

Stig Rolland, fødd 1. september 1970 døypt 6. desember 1970.

Morten Berge, fødd 5. oktober 1970, døypt 6. desember 1970.

Ronn Edie Torgersen, fødd 1. september 1970, døypt 26. desember 1970.

Odd Kåre Alvheim, fødd 27. oktober 1970, døypt 10. januar.

Oyvind Tyssen, fødd 29. oktober 1970, døypt 10. januar.

Trond Helle, fødd 4. oktober 1970, døypt 23. januar.

Tonny Egil Berge, fødd 6. november 1970, døypt 23. januar.

Ane Haga, fødd 29. september 1970, døypt 13. desember 1970.

Hege Myklebust, fødd 3. oktober 1970, døypt 16. januar.

Sirikit Kari Vågen, fødd 23. november 1970, døypt 24. januar.

Ann Kristin Bolstad, fødd 29. november 1970, døypt 7. februar.

STAMNES:

Trond Olav Strømme, fødd 29. september 1970, døypt 27. desember 1970,

Grethe Simmenes, fødd 27. september 1970, døypt 29. november 1970.

EKSINGEDELEN:

Jostein Ekse, fødd 3. desember 1970, døypt i Ål 3. januar.

VIGDE:

DALE:

Johannes Nilsen og Kari Dale, vigde 19. desember 1970.

John Sigmund Hvidsten og Asta Vedaa, vigde 2. januar 1971.

John Arild Halleland og Torill Røn-hovde, vigde 23. januar 1971.

AVLIDNE:

DALE:

Ingvald Sandal, fødd 10. april 1910, døydde 12. desember 1970, gravlagd 19. desember.

Bertha Hesjedal, fødd 30. april 1906, døydde 25. nov. 1970, gravlagd 2. des.

Anna Maria Kalsaas, fødd 27. febr. 1885, døydde 13. des. 1970, gravlagd 18. des.

Karen Emilie Ingebrigtsen, fødd 4. juni 1876, døydde 29. des. 1970, gravlagd 5. januar 1971.

Dordy Myklebust, fødd 19. mars 1890, døydde 13. januar 1971, gravlagd 21. januar.

Margit Dale, fødd 31. mai 1906, døydde 22. jan. 1971, gravlagd 30. jan.

STAMNES:

Henrik Martin O. Kallestad, fødd 17. april 1887, døydde 1. febr. 1971, gravlagd 6. febr.

Josefine Vik, fødd 23. jan. 1893, døydde 29. des. 1970, gravg. 4. jan. 1971.

VAKSDAL:

Tørris Knutsen, fødd 25. okt. 1980, døydde 8. janu. 1971, gravg. 14. jan.

Elin Løtveit, fødd 24. mai 1937, døydde 8. febr. 1971, gravg. 13. febr.

EKSINGEDELEN:

Anna Lavik, fødd 9. mai 1874, døydde 30. des. 1970, gravlagd på Flatekval 6. januar 1971.

Kyrkjebladet

Kvar huslyd i prestegjeldet skal etter planen få kyrkjebladet. Dersom nokon ikkje får det, men gjerne vil ha det, gjer då vel og snakk med postopnaren om det. Bladet vert no delt ut frå postopneria uten namn.

BIBELKUNNSKAP

I ein time på skulen spurde læraren: — Du Jens, kan du fortelja meg kven det var som øydelagde murane kring Jeriko?

Jens vart forfjamsa og svara: — Det veit eg ikkje, men det var i alle fall ikkje eg.

Læraren traff seinare far til Jens og nemnde dette. — Ja, sa faren, — Jens er ein ærleg gut, og når han seier han ikkje har gjort det, kan du vera viss på at han seier sant.

Ei stund seinare traff læraren ordføraren i bygda og fortalte både kva Jens og faren hadde svara. — Ne ja, sa ordføraren, — det har vel mindre å seia kven det var som øydelagde murane, for det er kommunen som må setja dei i stand igjen, men gjer vel og send inn ein søknad til formannskapet slik at me kan få det med på budsjettet for komande år.

Eidsland Samvirkelag

EIDSLANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

GUDSTENESTER

1. søndag i faste (28. februar):

Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Bjørgvin bispedømeråd. Song av Kyrkjekoret. Eidslandet kapell: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Menighetsfakultetet.

Onsdag 3. mars:

Vaksdal kyrkja kl. 19.00: Fastegudsteneste ved res. kap. Bjørsvik.

Stanghelle skule kl. 19.30: Festemøte ved sokneprest Skiftun.

2. søndag i faste (7. mars):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Israelsmisjonen.

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til soknerådsarbeidet.

Onsdag 10. mars:

Vaksdal kyrkje kl. 19.00: Fastegudsteneste ved sokneprest Skiftun.

Torsdag 11. mars:

Dale kyrkje kl. 19.30: Fastegudsteneste ved res. kap. Bjørsvik.

3. søndag i faste (14. mars):

Bergsdalen kapell: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

Eksingedalen kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd. Offer til Det norske flyktningeråd.

Onsdag 17. mars:

Stamnes kyrkje kl. 19.00: Fastegudsteneste ved sokneprest Skiftun.

Sandvik grendahus kl. 17.00: Res. kap. Bjørsvik. Fastemøte.

Midfaste søndag (21. mars):

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd

Onsdag 24. mars:

Eidslandet kapell kl. 19.00: Sokneprest Skiftun. Fastemøte.

Vaksdal kyrkje kl. 19.00: Res. kap. Bjørsvik.

Marias boddskapsdag (28. mars):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd.

Nesheim kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Menighetsfakultetet.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag t.o.m.
torsdag 8.30 15.00
Fredag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag 9.30 16.00
Torsdag 9.30 13.00
Fredag 9.30 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Laurdag 9.00 12.00

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**



Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189-2431 -
Dalekvam

Bensin - Dekk - Rekvisita

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{2}$

Tlf. 2240 DALKEVAM

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{2}$

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

Stanghelle Handel

STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag
VAKSDAL**

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning